

FAGTUR TIL FÆRØYANE

SFSG har fått eit reisebyrå på Færøyane til å laga eit opplegg for fagtur til Færøyane. Sjå vedlagt program (er på dansk). Vi legg opp til å reise tilbake til Bergen 2. august. Inkludert i prisen er direktefly Bergen-Færøyane t/r, transport, buss og guide eller sjåfør/guide alle dagar og alle måltider som er nemnt i programmet. Drikkevarer som er inkludert er vatn, kaffi og te bortsett frå ved middagen i Kirkjubøur, kor øl, brus eller vin er inkludert.

Prisen er (med dagens kronekurs) kr 13 994,- pr. person i dobbeltrom. Tillegg for enkeltrum kr 2 083. Barn til og med 11 år kr 7 251,- i foreldre sitt rom. Prisen pr. person kan verte lågare dersom det er mange som ynskjer å delta.

**Påmelding innan 1. februar, til SFSG v/Ragnhild Sæle
tlf. 416 33 342 / ragnhild.saele@enivest.net**